Hardanger

# INNKALLING TIL
# MØTE I
# REGIONALT NÆRINGSFOND HARDANGER

**TIL STYREMEDLEMMENE I RNH**

**Dato: Torsdag 12.11.2014**
**Stad: Brakanes kurs- og konferansesenter i Ulvik**
**Tid: Kl.09.00 – 11.00**

**Agenda:**
**Klokka 09.00 Møte i Regionalt Næringsfond Hardanger**
**Klokka 11.30 Lunsj**
**Klokka 12.30 Hardangerkonferansen 2014**

**Til sakshandsaming RNH:**

- **RNH – sak 01/14 Meldingar**
- **RNH - sak 02/14 Tilbakeføring av unytta tilsegner.**
- **RNH – sak 03/14 Bruk av skjønsmidlar i tilsegn 2014**
- **RNH – sak 04/14 Tildeling av midlar frå Regionalt Næringsfond Hardanger 2014**
- **RNH – sak 05/14 Innspel til Skjønsmidlar 2014.**

Styremedlem som ikkje kan møta, kallar sjølv inn varamedlem. Meld dette til Trude L. Rinaldo 53 67 14 50.

Ta kontakt med Leiv Vambheim dersom det er spørsmål til innkalling og saker.

**Kinsarvik 29.10.2014**

**John Opdal/s**
**Leiar RNH**

Leiv Vambheim

**Leiv Vambheim**
**Dagleg leiar**

# Saksutgreiing 2014 til Regionalt Næringsfond Hardanger

| | |
|---|---|
| Møtedato 12.11.2014 | Saksansvarleg: Leiv Vambheim |
| Fondsstyret til Regionalt Næringsfond Hardanger | Sakshandsamar: Leiv Vambheim |

**RNH – sak 01/14 Meldingar**

1. Rapport 2013 til HFK
2. Tildelingsbrev HFK 2014
3. Utlysing av midlane for 2014
4. Retningsliner for RNH av 25.04.2013
5. Status bruka av midlar 2012
6. Søknad om Skjønsmidlar Brev til Hordaland Fylkeskommune for 2014.

| | |
|---|---|
| Møtedato 12.11.2014 | Saksansvarleg: Leiv Vambheim |
| Fondsstyret til Regionalt Næringsfond Hardanger | Sakshandsamar: Leiv Vambheim |

**RNH – Sak 02/14 Kansellering/tilbakeføring av unytta tilsegn 2011**

I retningslinene av 25.04.2013 under sakshandsaming 3.dje kulepunkt står det at "Tilsegn om fondsmidlar frå RNH skal normalt trekkjast inn etter 18 månader dersom dei ikkje er utbetalte". Sjå melding nummer 4. Dette tolkar me slik at tilsegn som ikkje er igangsette innan 18 månader skal kansellerast/trekkjast inn. Tilsegn som er igangsette, men ikkje ferdige er me tolmodige på å trekkja inn. Tilbaketrekte midlar vert då ført tilbake til Udisponerte midlar i fondet.

Dette tolkar eg slik at tilsegner frå 2012 som ikkje er melde igangsette innan 01.05.2014 vert trekte inn. Me har i år ikkje ringt rundt til tildelte prosjekt for å sjekka status. Me har gått gjennom føregåande år med tanke på ikkje påbyrja prosjekt.

Slik er no staus for ikkje påbyrja prosjekt som eg tilrår trekte inn:

| | |
|---|---|
| Tilsegn 01/12 TV-serie om Boligbytte | 20.000 kr |
| Tilsegn 02/12 Ski heile året | 100.000 kr |
| Tilsegn 18/11 Eplemask til ressurs | 120.000 kr |
| **Sum:** | **240.000 kr** |

**Framlegg til vedtak:**

**Desse tilsegna vert trekte inn og tilbakeførte fondet:**

| | |
|---|---|
| Tilsegn 01/12 TV-serie om Boligbytte | 20.000 kr |
| Tilsegn 02/12 Ski heile året | 100.000 kr |
| Tilsegn 18/11 Eplemask til ressurs | 120.000 kr |
| **Sum:** | **240.000 kr** |

| | |
|---|---|
| Møtedato 12.11.2014 | Saksansvarleg: Leiv Vambheim |
| Fondsstyret til Regionalt Næringsfond Hardanger | Sakshandsamar: Leiv Vambheim |

**RNH – sak 03/14 Bruk av skjønsmidlar i tilsegn 2014**

Regionalt Næringsfond Hardanger får tildelt 1.244.000 kr til disponering i 2014. I tilsegnsbrevet står det at det er spesifikke føresetnader for tildelinga og at 200.000 kr går til «**Hardanger Næringsråd**». Sjå vedlegg nr 2. Styret i RNH gjorde slikt vedtak 07.11.2013.:

«Regionalt Næringsfond Hardanger søkjer Hordaland Fylkeskommune om skjønsmidlar til arbeidet med “**Hardanger Næringsråd»** Dagleg leiar utformar søknaden.» Eg har skrive søknad om 500.000 kr.  Sjå Melding nummer 6

**Vedtak:**

**Regionalt Næringsfond Hardanger viser til tilsegn frå Hordaland fylkeskommune og overfører 200.000 kr til Hardanger Næringsråd ved Torleiv Ljones til å utvikla ein overbygnad av lokale næringslag/ foreiningar/samskipnader i dei 7 Hardangerkommunane.**

| Møtedato 12.11.2014 | Saksansvarleg: Leiv Vambheim |
|---|---|
| Fondsstyret til Regionalt Næringsfond Hardanger | Sakshandsamar: Leiv Vambheim |

## RNH – sak 04/14 Tildeling av midlar frå Regionalt Næringsfond Hardanger 2014

**Saksvedlegg:**

1. **Søkjarliste 2014.**
2. **Saksutgreiingane**
3. **Kriterieoversikt RNH, RNH og KMD**

**Saksutgreiing:**

I tråd med dei gjeldande retningsliner for RNH så er informasjon om fondet offentleggjort i lokalavisene med søknadsfrist 01.09.2014.
Utlysingar om fondet er også lagt på Hardangerrådet iks si heimeside, kommunale heimesider og med informasjon til næringsorganisasjonar.
Hordaland Fylkeskommune har i tilsegnsbrev av 23.06.2014 tildelt Hardanger 1.244.000 kr brutto til utdeling og drift av Regionalt Næringsfond Hardanger for 2014. Bakgrunnen for denne radikale endringa frå 3.425.000 kr i 2013 er Regjeringa si avvikling av Regionale Utviklingsmidlar overført til Fylkesvegar.  Av tildelt sum i 2014 er 200.000 kr skjønstilskot som er øyremerka “Hardanger Næringsråd». Då er disponibel sum 1.044.000 kr.
Som vanleg vert det tilrådd disponert 10 % til Hardangerrådet iks for å administrera RNH inklusive utgifter til sakshandsamartenester. Eg ser det som naturleg og riktig å halda skjønsmidlane utanfor og ber om 104.000 kr . Spørsmål om å følgja intensjonen om 20 % fondsavsetjing til buffer for seinare år er ikkje aktuelt dette året heller. Då er det disponibelt 940.000 kr. Framtida for RNH er usikker. Me får for lite midlar til disposisjon i høve formåla i søknadane og må vel byrja bruka frå avsetjingane.

**Økonomiske oversyn 31.12.2013**

| | |
|---|---|
| **Overført frå tidlegare for disponering i 2013** | 1403787 |
| **Tilført frå Hordaland fylkeskommune 2013** | 2825000 |
| **Tilført frå andre i 2013/Skjønnsmiddlar** | 600000 |
| **Tilbakeførte tilsegn i 2013** | 85000 |
| **Renteinntekter og andre tilførsler** [1)] | 155952 |
| | |
| **SUM TIL DISPOSISJON I 2013** | 5069739 |

| | |
|---|---|
| **Tilsegn gitt i 2013** [2)] | 3204000 |
| **Administrative kostnader belasta i 2013** | 285000 |
| **Andre disponeringar** [1)] | |
| **Skjønnsmiddlar** | 600000 |
| | |
| **Overført for disponering i 2014** | 980 739 |
| **SUM DISPONERT I 2013** | 5069739 |

I saksframstillinga har eg tilrådd tilsegner for 1.050.000 kr og det betyr at eg tilrår 110.000 kr frå fondsavsetjinga. Der er det medrekna renter 980.739 kr til disposisjon. Som de ser av Rammene for saksutgreiing og tilråding er då slik disponering av midlane:

| | | |
|---|---|---|
| Tildeling Hordaland FK | | 1.244.000 |
| Øyremerka | -200.000 | |
| Adminstrasjon 10 % | -104.000 | |
| Førehandsdisponert | -304.000 | |
| Frå tildelinga | | 940.000 |
| Frå fondsavseting | | 110.000 |
| Framlegg tildeling | | 1.050.000 |

**Vurdering**
De er kome inn i alt 28 søknaden og innan søknadsfristen. Dette er 5 færre enn i i fjor. Ein søknad vart trekt etter innlevering. Samla søknadssum er på 4346.000 kr.
Tal søknader og breidda i søknadane viser at dette fondet er godt kjent og at fleire av søkjarane rettar dokumentasjonen sin inn etter retningslinene. Det var 32 søkjarar som registrete seg i dataprogrammet, men 4 registrerte som ikkje sende inn søknaden likevel. Fleire søknader viser at dei søkjer midlar som ikkje er i tråd med retningslinene, spesielt til investering og drift. Det er naturlege variasjonar kva kommune søknadane har opphav i, men dei fleste aktuelle søknadane har regionalt nedslagsfelt som grunnlag. Søknadane er ulikt dokumenterte, og dei fleste tiltak fell innanfor retningslinene i RNH sine 5 strategiar, Regional Næringsplan for Hordaland har i 2014 erstatta RUP-dokumentet og det har medført ei kraftig innsnevrering i søknader som tilfredsstiller HFK sine kriterier. Kommunal og regionaldepartementet sine kategoriar for tildeling er kanskje avvikla sidan statsmidlane er trekte inn, men eg har for sikkerheit skuld teke dei med sidan ein framleis forheld seg til det statlege RF1350-systemet (Regionalforvaltning.no)
Eg har vurdert rammene og søknadane. Søknader som dreiar seg om midlar til investering eller til drift vert vurderte som ikkje aktuelle innanfor fondet sine retningsliner. Søknader med fokus på nye tiltak har eg prøv å prioritera. Søknadar som har fått midlar før har eg nedprioritert. Søknader til butikk og kafe har styret vore svært restriktive til av konkurranseomsyn, og dei er tilrådde me avslag. Mange søknadar har urealistiske forventningar til støtte, enten tek dei kraftig i eller så er finansieringsplanen håpefull.
Eg tilrår 15 søknadar for tildeling og 13 for avslag. Eg har forstått det slik gjennom tidlegare års tildelingar at styret ønskjer å dela ut motivasjonsmidlar til mange framfor å fullt ut støtta nokre få. Det er nok slik at for dei større tiltaka er denne næringsfondet for lite og dei høyrer meir naturleg under Innovasjon Norge sine midlar. Eg tilrår å gi reduserte tilsegn til dei fleste, dels fordi eg meiner omfanget på søknadane var urealistisk høge og dels for å støtta fleire søkjarar. For nokre tiltak tilrår eg heile søknadssummen då dei er del av eit fleirårig løp.
Litt om prioriteringane i arbeidet:
<u>Strategi 1 Nyskaping og kompetanse:</u>
Den mest omsøkte strategien denne gongen med 7 av 8 søknader tilsegn om 570.000 kr
<u>Strategi 2. Industri og internasjonalisering:</u>
Ingen aktuelle i denne strategien
<u>Strategi 3. Landbruksbasert bygdeutvikling.</u>
Denne strategien har 1 av 1 søknader tilsegn om 100.000 kr
<u>Strategi 4. Kulturbaserte næringar:</u>
Denne strategien ha 4 av 8 søknader tilsegn om 255.000 kr
<u>Strategi 5. Reiseliv:</u>
Denne strategien har 3 av 9 søknader tilsegn om 145.000 kr

Dette medfører full bruk av tildelte midlar . Det står disponibelt på fond 980.739 kr pr 01.01.2014. Styret tappa fondsavsetjingane i 2013. Me mitt framlegg er å bruka 110.000 kr av fondet. Men ved inntrekking av 240.000 kr så er fondet i år litt styrka.

**Framlegg til vedtak:**
**Regionalt Næringsfond Hardanger fordeler mildar for 2014 slik:**

| Søknad | Søkjar | Prosjektnamn | Omsøkt | Tilrådd | |
|---|---|---|---|---|---|
| 0010 | Hardanger Matkulturfestival | Matkonferanse 20914 | 30 000 | 20 000 | |
| 0011 | Slow Food Hardanger | Nordic Village TREKT | 0 | 0 | |
| 0012 | Hotel Ullensvang Destinasjon Voss | Forstudie Hardangerbana | 130 000 | 20 000 | |
| 0013 | Flimmer Film AS | Fjorden Cowboys | 400 000 | 0 | |
| 0014 | Hardanger Næringsråd | Regional Næringsstrategi | 100 000 | 100 000 | |
| 0015 | Rauslen AS | Vidareutvikling av Aga Båthamn | 400 000 | 0 | |
| 0016 | Næringshagen i Odda | Trainee indre Hordaland | 50 000 | 50 000 | |
| 0017 | Odda Husflidutsalg | Oppgradering | 138 000 | 0 | |
| 0018 | Jonatunet as | Hardangerakademiet for fred utvikling og miljø | 400 000 | 0 | |
| 0019 | Leiarnettverket | Leiarnettverket i Hard. | 75 000 | 50 000 | |
| 0020 | Ikkje sendt søknad | | | | |
| 0021 | Hardangerrådet iks | Forprosjekt reiselivsforum | 100 000 | 75 000 | |
| 0022 | Radi Storås og Leif Kastdalen | Språkversjon ordmeister og tonemeister | 40 000 | 20 000 | |
| 0023 | Hardangerrådet iks | Hardanger dott com | 200 000 | 100 000 | |
| 0024 | Næringshagen i Odda | Ungt entreprenørskap Hardanger | 200 000 | 200 000 | |
| 0025 | Ikkje sendt søknad | | | | |
| 0026 | TVmaritim Norge | TV film om Hardanger fjorden | 500 000 | 50 000 | |
| 0027 | What Camp as | Trening og aktivitetshus i Jondal | 100 000 | 0 | |
| 0028 | Anne Gullbjørg Digranes | Film Location Hardanger på fleire språk | 125 000 | 75 000 | |
| 0029 | Kunstnarhuset Messen | Kunstnarhuset Messen | 150 000 | 0 | |
| 0030 | Hardanger og Voss Museum | Bilmuseum i Kvam | 300 000 | 0 | |
| 0031 | Hardanger Fjordfrukt | Dyrk Smart II | 100 000 | 100 000 | |
| 0032 | Fjordvisjon | Sjøaure Hardanger | 150 000 | 0 | |
| 0033 | Håkon Kvestad | Skifer Bygningsarven i Hardanger | 60 000 | | 60 000 |
| 0034 | Ikkje sent søknad | | | | |
| 0035 | Hardanger og Voss Museum | Den kulturelle fjorden 2015 | 150 000 | 0 | |
| 0036 | Bygdagnist AS | Hardanger Åtgaum | 200 000 | 100 000 | |
| 0037 | Kjersti Kildahl | Sommarkafe og gardsbutikk | 50 000 | 0 | |
| 0038 | Ikkje sendt søknad | | | | |
| 0039 | Hardangerrådet iks | Merkevare Hardanger | 100 000 | | 50 000 |
| 0040 | Sagatun Utbygging | Bu Kafe | 98 000 | 0 | |
| 0041 | Reisemål Hardanger Fjord | Fornying av hardangerfjord.com | 200 000 | 0 | |
| | Sum | | 4 346 000 | 940 000 | 110 000 |
| | Øyremerka tilskot | Hardanger Næringsråd | | 200 000 | |
| 41 | Administrasjon | | | 104 000 | |
| | Fondsbruk | | | 110 000 | |
| | Sum | | | 1 354 000 | |

| | |
|---|---|
| Møtedato 07.11.2013 | Saksansvarleg: Leiv Vambheim |
| Fondsstyret til Regionalt Næringsfond Hardanger | Sakshandsamar: Leiv Vambheim |

**RNH – sak 05/14 Innspel til Skjønsmidlar 2014.**

*I tråd med retningslinene for tildeling til Regionale Næringsfond i Hordaland Fylkeskommune så er innretninga at 20 % av ramma vert sett av til særlege prioriteringar av Fylkesutvalet. Dette er midlar som Fylkesutvalet fritt disponerer til å stimulera særskilde satsingsområde i Næringsplan for Hordaland for å stimulera spesielle gode prosjekt. Handlingsplanen er svært spesifikk og retta mot Fylkeskommunen sine eigne aktivtetar.*
*I 2007 fekk RNH 300.000 kr Cruise Destination Hardangerfjord*
*I 2008 fekk RNH 200.000 kr til Hardangerscenarier 2030 og til særlege næringsretta innsats i Ulvik herad.*
*For 2009 fekk RNH 200.000 kr til Hardanger Næringsråd og Entreprenørskap i vidaregåande skular.*
*For 2010 fekk RNH 400.000 kr til kompetanseutvikling av kommunale næringsansvarlege*
*For 2011 fekk RNH 560.000 kr til Ungt Entreprenørskap.*
*For 2012 fekk RNH 500.000 kr til 2 nye studiesentert for Nettbasert høgskulestudie i Hardanger.*
*For 2013 fekk RNH 600.000 kr til «Høgskulekoordinator og kompetansemeklar»*
*For 2014 fekk RNH 200.000 kr til Hardanger Næringsråd.*

*Vanlegvis har styret i RNH ei drøfting av kva innan Fylkeskommunen sitt satsingsområdet som ein bør spela inn som ønskje om ekstramidlar til neste år og slik signalisera satsingsområda i Hardanger.*

*Det er mange gode føremål som ein kan be Fylkeskommunen å stimulera med øyremerka tilskot og fleire har vore drøfta i dei årlege styremøta. Eitt område eg ser treng arbeidskapital no er Næringsutvikling i Hardanger.  Hardangerkonferansen 2014 har fokus på dette i år. Regionen treng næringsutvikling. Den kommunale prioriteringa av midlar til næringsutvikling og tiltaksarbeid må vika fokus for kommunale driftsoppgåver. Hardangerrådet iks har næringsutvikling og etablerarteneste som eitt av sine 3 definerte arbeidsområde. Som verktøy for dette så har Rådmannsforum ved Hardangerrådet iks  etablert Team Hardanger Det er nettverket av dei kommunale næringsansvarlege. Desse treng årleg arbeidskapital og eg tilrår at ein for 2015 søkjer om øyremerka tilskot til Team Hardanger. Som vanleg vil eg tilrå at dagleg leiar utformar søknaden.*

*Ellers er gode tiltak å søkja om:*

- *«Terra Madre Norden» 2015 i Ulvik. Dette er ein festival med samling av Slowfood verksemder i Norden. Det er Hardanger Slow Food som planlegg denne samlinga i 2015 og er ein naturleg del av Ulvik herad som Citta Slow-kommune. Det set Hardangermat og -drikke inn i ein global samanheng. Eg tilrår ein søknadsum på 400.000 kr.*
- *Internasjonal satsing i Hardanger – internasjonal konsulent, EU-regionsamarbeid med meir. Her har me mykje upløgd mark og stort potensiale. Me har samarbeid med Japan-Hardanger Club (med mogeleg utviding til Brasil), Greve in Chianti, Toscana, Her er nok å ta i og internasjonalisering er nettverksbygging som kostar. Også her er 400.000 kr aktuell søknadssum.*
- *Nytt prosjekt «Hardanger Utvikling» – samordning av utviklingsressursane i Hardanger.  Eit arbeid i tråd med prosjektoppgåva ved HiB i samband med Etablerarfagskuleringa. Dette vert lite påverka av ny kommunestruktur, ser det ut til.*

*Eg ber styret tenkja gjennom innspel for bruk av skjønsmidlar slik at me kan senda framlegg til HFK om skjønsmidlar for 2015. Det er viktig med god argumentasjon og at dette er tiltak i tråd med Næringsplanen. Sjå vedlegg 3 i RNH sak 04/14.*
*Me bør også prioritera våre eigne innspel. Eg tilrår:*

1. *Team Hardanger*
2. *Terra Madre Norden*
3. *Internasjonale Hardanger.*
4. *Hardanger Utvikling*

***Framlegg til vedtak.***
***Regionalt Næringsfond Hardanger søkjer Hordaland Fylkeskommune om skjønsmidlar til arbeidet i Team Hardanger for 2015. Dagleg leiar utformar søknaden.***

# REGIONALE NÆRINGSFOND – ÅRSRAPPORT FOR 2013
## Frist 1. mars 2014

REGION:

**DEL 1. OVERSIKT OVER TILSEGN GITT I 2013.** **Eit prosjekt/tilsegn skal ikkje splittast på fleire innsatsområde, men plasserast der det mest naturleg høyrer heime. (Sett inn og ta bort linjer etter behov)**

| INNSATSOMRÅDE I RUP 2013: | TILTAK/PROSJEKT | SØKJAR/ MOTTAKAR | INVOLVERTE KOMMUNAR | PROSJEKT-KOSTNAD | TILSEGN SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| **A. NÆRINGAR MED SÆRSKILT FOKUS** | | | | | |
| | **Sum energi:** | | | **0** | **0** |
| **A2 MARINE NÆRINGAR** | Fjordvisjon | Hardangerfjordseminaret 2013 | | 115000 | 30000 |
| | **Sum marine næringar:** | | | **115000** | **30000** |
| | **Sum maritime næringar:** | | | **0** | **0** |
| **A4 REISELIV** | Utvikling Trolltunga Aktivitetspark | Opplev Odda | | 2350000 | 200000 |
| | Turistinfo på Bu | Hardanger Næringsråd | | 50000 | 50000 |
| | Vannsportpark i Jondal | Visit Fonna | | 1200000 | 150000 |
| | Den kulturelle Fjorden-vidareføring hovudprosjekt | Hardanger og Voss Museum | | 100000 | 100000 |
| | Hardangersaum reiselivsprosjekt | Hardanger og Voss Museum | | 1000000 | 100000 |
| | Hardanger Vandredestinasjon | Reisemål Hardanger Fjord | | 210500 | 69000 |
| | **Sum reiselv:** | | | **4910500** | **669000** |
| **A5 KULTUR-NÆRINGAR** | Utvikling av Messen | Kunstnarhuset Messen | | 2015000 | 150000 |
| | Storeteigen kultursentrum | Bygdagnist | | 500000 | 100000 |
| | MasterClass Hardanger | Hardanger og Voss Museum | | 235000 | 110000 |
| | Landskapskunstløyper i Hardanger | Harding Puls | | 1525000 | 100000 |
| | **Sum kulturbaserte næringar:** | | | **4275000** | **460000** |
| **A6 LANDBRUK** | Terra Madre Røros | Team Hardanger | | 165000 | 75000 |
| | ProWell | Team Hardanger | | 520000 | 120000 |
| | Bakeri og eddikbryggeri | Espen Drønen Eide | | 170000 | 50000 |
| | Torsnes næringseigedom | Hans Sigvard Galtung | | 339900 | 30000 |
| | **Sum Landbruk** | | | **1194900** | **275000** |

| INNSATSOMRÅDE I RUP 2013: | TILTAK/PROSJEKT | SØKJAR/ MOTTAKAR | INVOLVERTE KOMMUNAR | PROSJEKT -KOSTNAD | TILSEGN SUM |
|---|---|---|---|---|---|
| **B. NÆRINGSRETTA KOMPETANSE** | Yrkesfag i Fokus | Ytre Hardanger Opplæring | | 2450000 | 150000 |
| | Kompetanseheving og profilering | Aarekol Utleige As | | 1919500 | 30000 |
| | Dyrk Smart | Hardanger Fjordfrukt | | 4461600 | 100000 |
| | Utvikling av fagskule innan matkultur på Hjeltnes | Hjeltnes vgs | | 1000000 | 300000 |
| | **Sum næringsretta kompetanse:** | | | **9831100** | **580000** |
| **C. ENTREPRENØRSKAP** | Ungt Entreprenørskap | Næringshagen i Odda | | 2520000 | 200000 |
| | Etablering av ny bedrift | Inger Johanne Linjord | | 1933400 | 20000 |
| | **Sum entreprenørskap:** | | | **4453400** | **220000** |
| | **Sum innovasjon:** | | | **0** | **0** |
| | **Sum internasjonalisering:** | | | **0** | **0** |
| **F. LOKAL SAMFUNNSUTVKLING** | Vidareutvikling av Merkevare Hardanger | Merkevare Hardanger | | 200000 | 100000 |
| | Hardanger i Oslo | Flytt til Hardanger | | 450000 | 200000 |
| | Hardanger 2014 | Hardangerrådet | | 2650000 | 400000 |
| | Hardanger Bade og Velværesenter | Hardangerbadet as | | 3150000 | 200000 |
| | Fylesveg550-vegen til hjarte av Hardanger | Vikebygd landskapspark | | 195000 | 70000 |
| | **Sum lokal samfunnsutvikling:** | | | **6645000** | **970000** |
| | **Sum utafor innsatsområda i RUP:** | | | **0** | **0** |
| **SUM BRUTTO PROSJEKTKOSTNADER OG TILSEGN I 2013 (side 1 og 2)** | | | | **31427900** | **3204000** |

## DEL 2. OVERSIKT OVER DISPONERINGA AV MIDLANE I 2013 ("BALANSE")

**TIL DISPOSISJON 2013**

| | |
|---|---|
| **Overført frå tidlegare for disponering i 2013** | 1403787 |
| **Tilført frå Hordaland fylkeskommune 2013** | 2825000 |
| **Tilført frå andre i 2013/Skjønnsmiddlar** | 600000 |
| **Tilbakeførte tilsegn i 2013** | 85000 |
| **Renteinntekter og andre tilførsler** 1) | 155952 |
| | |
| **SUM TIL DISPOSISJON I 2013** | 5069739 |

1) Gjer greie for slike disposisjonar i Del 5.

**DISPONERT 2012**

| | |
|---|---|
| **Tilsegn gitt i 2013** 2) | 3204000 |
| **Administrative kostnader belasta i 2013** | 285000 |
| **Andre disponeringar** 1) | |
| **Skjønnsmiddlar** | 600000 |
| | |
| **Overført for disponering i 2014** | 980739 |
| **SUM DISPONERT I 2013** | 5069739 |

2) Summen overføres frå Del 1.

Stad og dato: 3/2-2014

(leiar regionalt næringsfond/regionråd)

## DEL 3: ATTESTASJON AV REVISOR VIL BLI GJENNOMFØRT I SAMBAND MED ÅRSREKNESKAPEN FOR SELSKAPET

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for det regionale næringsfondet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i årsrekneskapen. Revisor skal utføre kontrollhandlingar som gjev tilsegnsytar ei forvissing om at opplysningane i årsrekneskapen er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrert i rekneskapen.

**Avtalte kontrollhandlingar opp mot årsrekneskapen for det regionale næringsfondet vil bli gjennomført.**

Stad og dato: Voss 18/2-14

Odd J. Storehø

(stempel og signatur av revisor)

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt

**DEL 4: ORIENTERING OM DISPONERING AV SKJØNNSMIDLAR.** **Dei regionane som har fått tilført skjønnsmidlar gjer greie for bruken av desse midlane her. I 2013 gjeld dette Sunnhordland, Hardanger, Gode Sirklar, Nordhordland og Osterfjorden. Sjå elles tilsegna.**

**Skjønsmiddlane for 2013, kr 600 000 er avsett til arbeidet med «Høgskulekoordinator og kompetansemeklar i Hardanger» og skal nyttast til arbeid med kopling av trainée-ordninga frå universitetet og høgskular saman med verksemder i Hardanger. Arbeider vert administert av Næringshagen i Odda.**

**DEL 5: UTFYLLANDE OPPLYSNINGAR** **(utvidast ved behov, helst ikkje meir enn 2 sider)**

Kommenter lokale prioriteringar og andre forhold av relevans slik at dette saman med informasjonen i Del 1, 2 og 4 gjer eit fullgodt bilete av disponeringa av det regionale næringsfondet for 2013.
Det er gjort slike disponeringar frå fondsavsetjingane:

| | |
|---|---|
| Tilsegn 23/13 er teke frå fondsavsetjinga | Kr 400 000 frå fond |
| Vedtak etter framlegg i møtet: | |
| Tilsagn 4/13 endra til kr 200 000 | Kr 100 000 frå fond |
| Tilsagn 24/13 endra til kr 200 000 | Kr 94 000 frå fond |
| Tilsagn 91/13 | Kr 70 000 frå fond |
| **Totalt disponerte fondsmiddlar i 2013** | **Kr 664 000** |

Stad og dato: 3/2 - 2014

(leiar regionalt næringsfond/regionråd)

Hardangerrådet IKS
Postboks 78
5782 KINSARVIK

Dato: 23.06.2014
Vår ref.: 2014/11265-9
Saksbehandlar: hanglop1
Dykkar ref.:

# Regionale næringsfond 2014 – Hardangerrådet IKS
# Tilskot inntil kr 1 244 000,- (Tilsegn 087-2014)

Under handsaminga av *«Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014»* (sak 32/2014) vedtok fylkesutvalet å avsette ei ramme på 4,0 millionar kroner til regionale næringsfond. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) hadde i utgangspunktet fjerna skjønnstildelinga til kommunale- og regionale næringsfond frå statsbudsjettet i 2014, etter at det i 2013 var øyremerkt 10,8 millionar kroner til formålet. For at ordninga ikkje skulle bli nulla ut, vedtok fylkesutvalet å prioritera delar av omstillingsmidlane til regionale næringsfond. Omstillingsmidlane er ikkje lenger øyremerkt til formålet, og kan fylgjeleg omprioriterast dersom fylkeskommunen ser behov for det. Med bakgrunn i dette gjorde fylkesutvalet den 20.05 2014 slikt vedtak i sak 133/2014:

1. *Ramma for regionale næringsfond på 4 000 000 kroner for 2014 vert fordelt slik:*

| | |
|---|---|
| *Sunnhordland* | *1 175 000* |
| *Hardanger* | *1 244 000* |
| *Voss* | *424 000* |
| *Bjørnefjorden* | *236 000* |
| *Gode Sirklar* | *200 000* |
| *Osterfjorden* | *456 000* |
| *Nordhordland* | *265 000* |

2. *Fylkesutvalet legg til grunn at også nabofylka bidreg med midlar til fylkesoverskridande regionale næringsfond dersom desse fonda skal støtte prosjekt i nabofylket.*

Hordaland fylkeskommune har gleda av å tildele Hardangerrådet IKS kr 1 244 000,- til det regionale næringsfondet for 2014.

Av den totale løyvinga på kr 4 000 000,- til regionale næringsfond, skal kr 800 000,- (20 %) brukast som skjønnsmidlar. For inneverande år er det kome innspel og søknader frå Hardangerrådet IKS, Osterfjord Næringssamarbeid, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Gode Sirklar AS. Fylkesutvalet har prioritert dei aktivitetane/prosjekta som har dei mest gjennomarbeida planane, og som er mest i tråd med prioriteringane i Handlingsprogram for næringsutvikling 2014 (HNH 2014). Desse aktivitetane og prosjekta er tildelt skjønsmidlar:

- Hardangerrådet IKS er tildelt 200 000 kroner i skjønsmidlar til arbeidet med å utvikla ein overbygnad av lokale næringslag/foreiningar/samskipnader i dei sju hardangerkommunane.

- Osterfjord Næringssamarbeid er tildelt 200 000 kroner i skjønsmidlar for å styrkje forskingsbasert og næringsretta samarbeid med m.a. Høgskulen i Bergen.
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland er tildelt 200 000 kroner til ei næringsklynge med felles satsing på mat frå regionen.
- Gode Sirklar AS er tildelt skjønsmidlar til utvikling av nettverk for samarbeid mellom små og mellomstore bedrifter (SMB) i regionen, og kopling mellom desse og utdannings- og forskingsinstitusjonar i Bergensregionen.

**Krav og retningslinjer**
Midlar til regionale næringsfond er ein del av løyvinga til Hordaland fylkeskommune over Statsbudsjettet for 2014 «*Kapittel 551 Post 60 Tilskott til fylkeskommunar for regional utvikling*». Frå 1. januar 2014 trådde forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar og reviderte retningslinjer for kap. 551, postane 60 og 61 i kraft. I forskrifta går det mellom anna fram at det kan søkjast om tilskot til prosjekt/tiltak som oppfyller følgjande kriterier:

- Er i tråd med fylkeskommunen sine mål og strategiar for distrikts- og regionalpolitikk.
- Kan sannsynleggjera distrikts- og regionalpolitisk verknad.
- Har god kvalitet med søkjar som har god gjennomføringsevne.

Forskrifta finn du på denne linken: http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-12-11-1574?q=distrikts-+og+regionalpolitiske+virkemidler

Elles går det fram av retningslinene frå KMD at midlane ikkje kan nyttast til:

- Drift av næringsverksemd eller organisasjonar
- Kausjon eller annan økonomisk garanti.
- Direkte eller indirekte investeringar i eigenkapital i verksemder.
- Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekter.
- Drift av, eller investeringar i, statlege, fylkeskommunale og kommunale oppgåver
- Politikkforberedande aktivitetar internt hos forvaltar eller i regi av forvaltar.

Fylkeskommunen har ikkje utarbeida eit felles regelverk for dei regionale næringsfonda i Hordaland. I staden gir vi nokre rammer for bruken av midlane i dei årlege tildelingsbreva. Her har vi både tatt inn aktuelle rammer frå KMD og dei rammene som fylkeskommunen har sett for bruken av midlane. Det er så opp til kvart einskild næringsfond å lage sine eigne operative retningsliner. Av rammene frå fylkeskommunen kan nemnast:

- Midlane skal forvaltast i tråd med «*Regional næringsplan for Hordaland*» og prioriteringar i «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*».
- Midlane kan nyttast til både tilrettelegging for næringsutvikling og direkte bedriftsstøtte, men sistnemnde føremål må vere innafor regelverket for bagatellstøtte.
- Tilskot og støtte må tildelast i samsvar med EØS-avtala.
- Regionale næringsfond bør prioritere tiltak som gir nytte for meir enn ein kommune.
- Det er ikkje høve til felles finansiering frå regionale næringsfond og Innovasjon Norge når det gjeld støtte til bedrifter. Felles finansiering av infrastrukturtiltak og tilrettelegging for næringsutvikling mellom fylkeskommunen og regionale næringsfond vil berre bli tillate etter særskild vurdering av fylkeskommunen. Vi vil også oppmode styra i dei regionale næringsfonda til å avklare reglar for felles finansiering med kommunale næringsfond for dei kommunane som har slike.
- Med unntak for næringsfondet for Sotra-Øygarden, skal dei regionale næringsfonda i hovudsak bli nytta innafor verkeområdet for distriktspolitiske verkemiddel. Det vil sei kommunar i Sone II, Sone III og Sone IV. Ein mindre del av midlane kan likevel nyttast til tiltak i Sone I kommunar dersom tiltaka er i tråd med sentrale mål og prioriteringar i HNH

**Hordaland fylkeskommune** Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 Bergen
Tlf: 55 23 90 00 e-post: hfk@hfk.no **www.hordaland.no**
Foretaksnr. NO 938 626 367 mva. Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]

og er viktige for næringsutvikling også i Sone II, III og/eller IV i den aktuelle regionen. Heile næringsfondet for Sotra – Øygarden kan bli nytta innafor kommunane i regionen.

- For fylkesoverskridande regionråd er det ein føresetnad at også nabofylka yter til dei regionale næringsfonda dersom fonda skal støtte prosjekt i kommunar i nabofylka.

**Forvaltning av næringsfonda**
Forvaltninga av dei regionale næringsfonda skal vere underlagt eit eige styre. Følgjande minstekrav skal gjelda for korleis styret skal vera sett saman:

- Regionrådet utnemner styret ved konsensus. Fylkeskommunen skal ha melding om eventuelle endringar i perioden. Der kor det ikkje er mogleg å oppnå konsensus, skal fylkeskommunen fastsette samansettinga.
- Styret for næringsfondet skal ha minst 5 medlemmer med personlege vara beståande av ordførarar og representantar for næringsliv m.m. Ordførarane skal ha fleirtal.
- Minst 2 av medlemmene skal vere representantar for næringslivet, næringsforeiningar eller andre regionale og lokale aktørar innafor næringsutvikling.
- Fylkeskommunen og Innovasjon Norge Hordaland har rett til å møte som observatør. Elles er det fritt opp til styret sjølv å utnemne observatørar.
- Avgjerdene i styret bør i størst mogleg grad byggje på konsensusprinsippet.
- For alle løyvingar gjort av styret skal det utformast tilsegn til mottakar av midlar i tråd med KMD sin forskrift.

**Rapportering, utbetaling og kontroll**
*Rapportering*

- Innan 1. mars kvart år skal fylkeskommunen ha rapport om bruken av midlane i dei regionale næringsfonda. Rapporteringa skal vere knytt til dei prioriterte områda i HNH og innehalde statistikk, revisorattestert rekneskap og ein kort omtalande del. Rapporten skal innehalde ein særskilt omtale av bruken av tildelte skjønnsmidlar.
- Tildeling av tilskot frå regionale næringsfond skal registrerast i RF-13.50.
- Årleg statistikkrapport til KMD skal sendast gjennom RF-13.50. Frist for innsending av rapport er 1. februar.
- I tillegg skal forvaltninga av dei regionale næringsfonda rapporterast direkte til Kommunal og Regionaldepartementet i samsvar med dei krav som til ei kvar tid blir stilt av departementet.

*Kontroll*

- Fylkeskommunen har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. Tilsegnsmottakar pliktar å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om.
- Med heimel i Stortinget sitt løyvingsreglement har Riksrevisjonen rett til å kontrollera at tilskottet blir nytta etter føresetnadene.

Utbetaling og eventuell tilbakebetaling

